

ÅRSMELDING 2000 FOR JOSTEDAL SPEL- OG DANSARLAG

Året 2000 har vore eit aktivt år for laget. Dei som har vore i styret er:

Leiar: Oddbjørg Ese

Nestleiar: Arnfinn Gjerde

Kasserar: Dagrun Hesjevoll

Sekretær: Anne Kristin Haugen

Styremedlem: Mari Ormberg

Styret har hatt 7 styremøter, og 27 saker er blitt tekne opp. Laget har hatt 53 medlemmar.

Årsmøtet vart halde på Solvang Kafe laurdag 22. januar. Etter møtet var det høve til å ta seg ein svingom, men det var ikkje det store frammøtet.

På Luster Turlag sitt årsmøte i samfunnshuset 15. februar vart det dansa springar. Lars og Sigrun Vigdal, Harald og Eldbjørg Haugen og Arne og Eldbjørg Fossøy dansa etter god musikk av Håkon Høgamo. Helga etterpå, 26 – 27 vart det arrangert polskurs med Kirsten Friis som instruktør. 14 stk. møtte fram og var ivrige etter å lære denne dansen. På laurdagskvelden var det rikeleg med høve til å få svinge seg i samfunnshuset, for då var det den årlege Lustratreffen som stod for tur. Spelemannslaget og Breatrekken stod i spissen for dette arrangementet, 7 orkester deltok og 170 møtte fram.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag hadde i år, 11. mars, lagt møtet sitt til Jostedalen og Solvang Kafe. Oddbjørg og Arnfinn var utsendingar frå laget vårt. Her vart "Nyttårsbryllaupet" vist fram, og me fekk mykje ros for dette. Spelemannslaget og "Elles" var med å spelte til dans etterpå. Mykje fin omtale kom i lokalavisa, og mange flotte fargebilete kom og med.

25. mars var det klart for sogndalsduoen "Billa and the Kid". Dei underheldt med dikt, løgner og song. Me var spente på korleis dette ville falle i smak hjå Jostedølene, og då dørane stengde var det 115 betalande. Også ein del utabygdes tok turen til Solvang denne kvelden. Etterpå var det musikk av stereoanlegg for dei som ville ha seg ein svingom etter mykje latter og god underholdning. Dette var eit samarbeid med Solvang Kafe.

Fylkeskappleiken vart arrangert på Sandane 7-8. april. Asbjørg Ormberg var dommar i song, og Harald Hesjevoll i gamaldans. Sigrun og Lars deltok i dans kl. D (2. pr), og Morten og Anne Kristin i kl. A (1. pr).

29. april var det klart for det årlege "Juniortreffet" for ungar. I år vart det arrangert i samfunnshuset, i samarbeid med Sogn og Fjordane Folkemusikklag. 50 ungar frå fylket møtte fram til spel, song, dans, bading og pizzaeting, og ikkje minst, vart godt kjende med kvarandre.

Den tradisjonelle 17-mai-feiringa vart som før. Laget var med å selde is- brus og pølser. Juniorfelejentene framførte "juniorpolka".

18. juni var det sommarkonsert med det svenske, klassiske ensembler "Necrosoktetten". Dei framførde ein flott konsert med variert musikk av nordiske komponistar. Ca. 25 møtte fram.

Juniorspelarane har øvingar ein gong pr. veke. Reidun Hesjevoll var vikar i vårhalvåret, og Harald Hesjevoll starta opp att frå hausten av. I juni hadde dei sommaravslutning i skulen for juniorfelejentene med foreldre.

Dei vaksne har og hatt øvingar, men meir etter behov for framføringar.

29. juni var det tyske journalistar og TV- folk som var samla på Breheimsenteret for å få sjå og høyre. Marthe Gjerde, Else-Marie Haugen, Einar Ese, Asbjørg Ormberg, Lars og Sigrun Vigdal, Ove og Anne Kristin Haugen dansa, spelte og song. Dagen etter var det til å pakke bunaden og fela og køyre over fjellet til Landskappleik på Voss. Mari Ormberg deltok i spel, og Lars og Sigrun, Morten og Anne Kristin i dans.

23- 29 juli var Marthe Gjerde og Oda Heidi Bolstad på det årlege Mo-kurset.

For å få i gang att dansinga, vart det organisert ei dansegruppe som skulle ta seg av fredagsdansane. Denne består av Eldbjørg og Harald Haugen, Liv Espe, Einar Hesjevoll, Lars og Sigrun Vigdal. Det har blitt arrangert to fredagsdansar (sept. og nov.) i samarbeid med Breatrekken. Berre nokre få har møtt opp, og sidan interessa er så lita vert det ikkje arrangert fleire på ei stund.

13-15 oktober vestlandskappleik i Granvin. Morten og Jorunn Vigdal stilte i kl. B, og Lars og Sigrun Vigdal i kl. D.

Jostedal skule- og ungdomskorps hadde 25 års feiring i samfunnshuset søndag 28. oktober. Spelemannslaget var med å spelte i programmet, både dei vaksne og juniorane.

3-5 november var det "Hallingkast" på Eikum Hotell. Kvart år har Sogn og Fjordane og Hordaland eit fellesarrangement, med eitt tema for kvart år. I år var det Halling/Parhalling som stod for tur. Frå laget vårt deltok Mari Ormberg, Morten, Lars og Sigrun Vigdal, Tormod Øvrebo. Harald Hesjevoll var blant instruktørane.

I november lyste me ut polskurs for vidarekomne, med Kirsten Friis som instruktør. Kun 4 melde seg på, og difor vart kurset avlyst. Søndag 26. november var det basar der inntekta gjekk til kontrabass og opplæring for nybyrjarane. Det var 11 år sidan laget hadde hatt basar sist. Mange møtte fram, og i pausen underheldt felespelarane. Overskotet vart på kr. 14 000.- Kontrabass vart kjøpt inn til laget, og 3. desember vart det halde kurs for 5 deltakarar med Jan Sjøstad som læremeistar. Dette kurset vil fortsette på nyåret. Bassen står i samfunnshuset, slik at den er tilgjengeleg for den som vil øve.

Helga før jul var det julabord på kafeen som stod for tur. I år vart dette på ein fredag, og det vart fort fulle påmeldingslister. Laila serverte mat til 100 personar, og den var like god og mettande som åra før. Det var kome ynskje om å ha gamaldans, og "Livsgnisten" spelte så alle fekk svinge seg.

I året som har gått, har Morten og Anne Kristin vore med i den nystarta gruppa Vestafolk. Gruppa består av 14 utøvarar frå heile fylket, og på folkemusikkfestivalen i Førde i juli hadde dei sin fyrste opptreden. Dei fekk mykje fin omtale i aviser og blad, og det ser ut som om at det skal bli fleire framføringar i tida som kjem.

I tillegg til alt laget har arrangert og delteke på, har det blitt sendt ut Medlemsnytt med informasjon om kva som skjer i laget og elles andre ting som er aktuelle.

På årsmøtet i Landslaget for Spelemenn i Porsgrunn var det ingen som deltok frå laget.

Bingoar har me hatt, og fått inn ein del midlar til lagskassa

Jostedal spel- og dansarlag vil takke alle som har vore med å gjort ein innsats i året som har gått.